

---

Saksnr: 2020/75887-1  
Saksbehandlar: Tom Arne Steinstad

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		25.11.2020
Fylkesutvalet		26.11.2020

## Prisar på fylkesvegferjesambanda

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tar saka til orientering, og justerer ikkje ferjeprisar ved å endre soneinnplassering for fylkesvegferjesamband. Soneinnplassering følgjer målt avstand, og prisar følgjer AutoPASS regulativet.

Samandrag

Vestland fylkeskommune kan endra prisane på fylkesvegferjesamband ved at dei aktuelle sambanda vert plasserte i ei høgare eller lågare sone enn lengda på sambandet tilseier. Sjølv om det er mogleg er det ikkje tilrådd. Det er ikkje så langt tatt høgde for ein prisnedgang i arbeidet med budsjettet for 2021. Ein prisauke er heller ikkje anbefalt då prisane (for bil < 6 meter) er allereie justerte opp som følgje av innføring av Autopass-regulativet i Vestland.

Det finst ikkje løysing for å etablera eit månadleg passeringstak på enkeltvisse fylkesvegferjestrekningar i Vestland. Statens vegvesen har ikkje til hensikt å utvikla ein slik funksjonalitet då Autopass er ei nasjonal løysing og ikkje tiltenkt lokale tilpassingar.

Med bakgrunn i ovannemnde vert det tilrådd at ferjeprisar justerast som normalt og følgjer justeringar i Autopass-regulativet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok 12.05.2020 å ikkje endra billettprisane for reisande med fylkesvegferjene som følgje av at meirverdiavgift vart mellombels senka frå 12 til 6 prosent. Det vart vedtatt at prisane blir haldne oppe på eit tilsvarande prisenivå som før 1. april (PS 26/2020). Det vart i sakshandsaminga retta eit ønskje om å få tilbake ei sak som beskriv kva verkemiddel fylkeskommunen har for å justera prisar innanfor AutoPASS-regulativet, som Vestland fylkeskommune nyttar på fylkesvegferjene.

Vidare vart det fylkesutvalet 18.06.2020 (SI 16/202) svart følgjande på spørsmål om moglegheit for eit månadleg passeringstak på fylkesvegferjestrekningane der det i spørsmålet vart vist til om fylkesordføraren og fylkesrådmannen såg dette som relevant å kunne sjå på i samband med kommande sak om autopassordninga og soneinndeling på fylkesvegferjene:

2. Skyss/Kringom har kontakta SVV for å høyra i kva grad det er teknologisk mogleg å etablera eit månadleg passeringstak på enkeltvise fylkesferjestrekningar i Vestland, tilsvarande det ein allereie har på bominnkrevjing. Vi har dessverre ikkje fått svar enno.
3. Dersom det er mogleg vil det vera interessant å sjå på ulike konkrete modellar for dette i samband med komande sak der ein skal sjå på soneplassering og kva verkemiddel fylkeskommunen har for å eventuelt endre prisar på ferjesambanda. Kva konsekvensar slike modellar vil ha for til dømes samanhengen til AutoPASS-regulativet og økonomi må ein også sjå på.

Fylkesrådmannen gjer i saka greie for Vestland fylkeskommune sine handlingsalternativ for fylkesvegferjesambanda når det gjeld prisar, og moglegheita for å etablera eit månadleg passeringstak på enkeltvise fylkesferjestrekningar i Vestland.


### Regulativ og system på fylkesvegferjesambanda

Vestland fylkeskommune og dei fleste andre fylka som har fylkesvegferjer, har valt å følgje staten sine regulativ (både Riksregulativet for ferjetakstar og AutoPASS-regulativet for ferjetakstar), og å nytte staten sine billetteringsløysingar/baksystem. Bakgrunnen er eit grunnleggjande prinsipp om at ferje skal vere ferje for trafikantane, med same løysingar og prissystem, uansett om det er riksvegferjesamband eller fylkesvegferjesamband. I Vestland fylkeskommune er det vedteke at alle samband skal nytta AutoPASS-regulativet på fylkesvegferjesambanda.

Dersom fylkeskommunen vil ha egne regulativ som ikkje byggjer på staten sin prislogikk og soner, må ein etablere og vedlikehalde egne prissystem og tekniske system. Det same gjeld innkrevjingssystema, som er basert på staten sine baksystem.

Kostnader og konsekvensar av dette er ikkje blitt utgreidd, men det er anslått at det vil krevje uforholdsmessig mykje ressursar. Ingen andre fylkeskommunar har egne system, med unntak av Finnmark/Troms, der ferjebillettering er del av billetteringa på båt og buss.

Dersom fylkeskommunen ikkje følgjer staten sine regulativ og ikkje nyttar staten sine billetteringsløysingar/baksystem, vil det medføra at i fylke med både riksvegferjesamband og fylkesvegferjesamband må trafikantane forhalda seg til to system for å oppnå rabatt.



### Om AutoPASS-regulativet for ferjetakstar

Før, ved bruk av Riksregulativet for ferjetakstar, tok ein betalt for både køyretøy og passasjerar. No, ved bruk av AutoPASS-regulativet for ferjetakstar tek ein berre betalt for køyretøyet, medan prisen for passasjerar er bakt inn i prisen for køyretøy.

Betalingskonseptet «AutoPASS for ferje» har erstatta den gamle ordninga med verdikort og storbrukarkort på ferje. «AutoPASS for ferje» er ein nasjonal konto (med forskotsbetaling) som er knytt til både AutoPASS-ferjekort og AutoPASS-brikke.

Autopass for ferje inneber at kunden må ha Autopass-brikke eller Autopass-ferjekort, for framleis få rabatt. Dersom ein har AutoPASS-brikke i bilen og ikkje «AutoPASS for ferje»-avtale, får ein 10 % rabatt på køyretøyet. Med AutoPASS-brikke og ferjeavtale (med forskotsbetaling) får ein 50 % rabatt på køyretøyet (40 % rabatt for firmakundar). Ei-bil (nullutsleppskøyretøy) har eigne prisar tilsvarende halv pris, i tillegg til nemnde rabattar. Det blir framleis mogleg å betala manuelt på dei aktuelle ferjestrekningane, men til full pris.

### AutoPASS-regulativet i Vestland

Det er opp til kvart enkelt fylkeskommune å bestemma kva for betalingsløysing ein ønskjer på ferjene. Fylkestinget i Hordaland vedtok i oktober 2019 å halda fram med implementeringa av AutoPASS-regulativet for fylkesvegferjene i Hordaland i tråd med tidlegare vedtak (PS 79/2019).

Vidare vedtok Fylkestinget i Vestland at fylkesvegferjesambanda i Sogn og Fjordane tek i bruk AutoPASS-regulativet for ferjetakstar så snart dette var mogleg å setje i verk (PS 26 /2020).

### Erfaringar med AutoPASS-regulativet

Med bakgrunn i ovannemnde vedtak i fylkestinget vart AutoPASS-regulativet og brikkebetaling innført på tre samband i Hordaland 2019 og ytterlegare 14 samband i 2020.

Sommaren 2020 tok følgjande fylkesvegferjesamband i Sogn og Fjordane i bruk Autopass-regulativet og brikkebetaling:

- Hisarøy-Mjånes (kabelferje)
- Rysjedalsvika-Rutledal-Krakhella-Losna
- Daløy-Haldorsneset
- Askvoll-Gjervik-Fure
- Askvoll-Fure-Værlandet
- Oldeide-Måløy
- Stårheim-Isane
- Barmen-Barmsund

Erfaringane så langt er gode. Dei viktigaste tilbakemeldingane frå kundar og operatørane er som følgjer:

- Innføringa av Autopass for ferje har forenkla kvardagen for trafikantane. Ferjeselskapa tar framleis imot betaling, men eit nytt selskap har fått oppdraget med å handtera sjøve betalingstransaksjonane som blir styrte inn mot ein sentral Autopass-ferjekonto. På denne kontoen kan kundane få oversikt over status som til dømes gjennomførte reiser og innbetalt forskot, enten brikke eller ferjekort.
- Brikkebetaling ved hjelp av AutoPASS gjer ventetida på kai kortare og reduserer kostnadane til billettering hos operatørselskapa.
- Enkelte pendlarar har reagert negativt på auken i prisen. Dersom ein tek med avtalerabatten på 50 prosent, elbil-rabatt på 50 prosent og skatteeffekten ved arbeidsreiser, er auken i kroner ikkje like stor som mange eksempel har vist.
- Etter at Skyss har akseptert skiltlesing (OCR-løysing) i juni 2020, har datafangsten blitt enklare, og kundane meir nøgde. Det at billetteringa i seg sjølv har blitt enklare, er blitt oppfatta som positivt av dei reisande. Mange kundar er svært nøgde med ordninga - familiar, idrettslag og alle som vel å samkøyre.

### Endring av ferjeprisar

Vestland fylkeskommune og dei fleste andre fylka som administrerer fylkesvegferjer, har som nemnt over valt å følgje staten sine regulativ og staten sine billetteringsløysingar og baksystem, og løysingane staten vel har såleis direkte påverknad på fylka. Dersom ein fylkeskommune ønskjer å gjere egne prisendringar må ein teke omsyn til følgande:

1. Fylkeskommunen kan endra prisane ved at dei aktuelle sambanda vert plasserte i ei høgare eller lågare sone enn lengda på sambandet tilseier. Tabellane under viser:
  - pris for ulike soner som (frå 1.1.2020, inklusiv 12 % mva). Prisen endrar seg ca. kr. 10 i snitt for kvar soneendring for bilar < 6 meter
  - soneplassering pr. samband/strekning basert på avstand (frå 1.1.2020)
  - ver oppmerksom på at tabellane under ikkje er justert for endringar som følgje meirverdiavgift vart mellombels senka frå 12 til 6 prosent

Pris for ulike soner:

Sone	AP1	AP2	AP3	AP4	AP5	AP6	AP7	AP8	AP9	MC
	<6m	6,01-8m	8,01-10m	10,01-12,5m	12,51-14,5m	14,51-17,5m	17,51-19,5m	19,51-22m	>22m	
1	92	213	318	412	496	616	677	767	843	47
2	104	237	348	443	534	654	714	812	893	51
3	114	260	377	476	573	691	749	846	931	52
4	126	282	407	509	598	729	785	881	968	56
5	136	305	437	547	637	767	832	927	1019	58
6	148	329	464	573	675	804	868	960	1057	61
7	160	352	494	611	712	842	903	996	1094	65
8	168	376	519	637	738	880	940	1041	1145	66
9	179	399	555	675	776	918	975	1075	1183	70
10	190	421	580	701	815	955	1011	1110	1220	74
11	201	444	604	738	853	993	1058	1155	1271	75
12	212	468	642	776	879	1031	1094	1189	1309	79
13	224	491	667	802	916	1068	1129	1224	1346	82
14	235	515	703	840	954	1106	1166	1270	1396	84
15	243	537	728	866	993	1131	1201	1304	1434	88
16	255	561	753	903	1018	1168	1249	1339	1471	91
17	265	586	790	929	1057	1206	1284	1384	1522	94
18	277	604	815	967	1094	1244	1319	1418	1560	97
19	287	629	840	993	1132	1281	1356	1453	1597	100
20	299	654	876	1031	1171	1319	1391	1499	1648	103
21	311	672	901	1068	1196	1357	1439	1532	1686	105
22	321	697	925	1094	1235	1395	1474	1567	1723	108
23	330	721	962	1132	1272	1432	1510	1613	1774	112
24	341	746	986	1158	1310	1470	1545	1647	1812	114
25	352	765	1024	1196	1336	1508	1582	1682	1849	117
26	363	790	1049	1222	1374	1545	1628	1727	1900	121
27	374	815	1074	1259	1413	1583	1665	1761	1938	123
28	386	840	1110	1298	1450	1621	1700	1796	1975	126
29	396	858	1135	1323	1476	1658	1736	1842	2025	129
30	405	882	1159	1362	1514	1696	1771	1875	2063	133
31	416	907	1197	1387	1553	1734	1820	1910	2100	135
32	428	932	1222	1426	1591	1771	1855	1956	2151	138
33	439	950	1246	1450	1615	1809	1891	1990	2189	140
34	450	975	1283	1489	1654	1847	1926	2025	2226	144
35	461	999	1307	1514	1692	1885	1961	2070	2277	147
36	472	1018	1345	1553	1731	1922	2009	2104	2315	149
37	481	1042	1370	1591	1756	1960	2044	2138	2352	152
38	491	1067	1395	1615	1795	1998	2081	2185	2403	156
39	503	1092	1431	1654	1833	2035	2116	2219	2441	159
40	515	1110	1456	1679	1870	2060	2152	2252	2478	161
41	525	1135	1480	1718	1896	2098	2199	2299	2529	165
42	537	1159	1518	1743	1934	2135	2235	2333	2567	168
43	547	1184	1543	1782	1973	2173	2271	2367	2605	170
44	556	1203	1567	1820	2011	2211	2307	2413	2654	174
45	573	1228	1604	1846	2048	2248	2342	2447	2692	175
46	573	1253	1628	1883	2074	2286	2390	2481	2729	179
47	586	1265	1666	1909	2112	2324	2425	2528	2780	182
48	600	1289	1691	1947	2151	2361	2462	2562	2818	185
49	615	1314	1716	1973	2189	2399	2497	2595	2855	188
50	629	1339	1752	2011	2215	2437	2533	2642	2906	191

## Soneplassering pr. samband/strekning:

Region	Fergesamband	Statens takstsone eks bompenger	Bompengepåslag (Kilde: Ferde)	Sum takstsoner inkl. bompenger
Hordaland	Skånevik-Utåker	6	0	6
Hordaland	Matre-Skånevik	8	0	8
Hordaland	Matre-Utåker	4	0	4
Hordaland	Ranavik-Skjersholmane	15	0	15
Hordaland	Jektavik-Hodnanes	3	0	3
Hordaland	Hodnanes-Nordhuglo	3	0	3
Hordaland	Nordhuglo-Jektavik	4	0	4
Hordaland	Borgundøy-Fjelbergøy	2	0	2
Hordaland	Borgundøy-Sydnes	3	0	3
Hordaland	Borgundøy-Utbjoa	12	0	12
Hordaland	Fjelbergøy-Sydnes	3	0	3
Hordaland	Fjelbergøy-Utbjoa	12	0	12
Hordaland	Sydnes-Utbjoa	11	0	11
Hordaland	Sløvåg-Leirvåg	6	0	6
Hordaland	Langevåg-Buavåg	6	3	9
Hordaland	Kvanndal-Utne	6	0	6
Hordaland	Kinsarvik-Utne	8	0	8
Hordaland	Gjermundshavn-Årsnes	6	3	9
Hordaland	Gjermundshavn-Varaldsøy	5	0	5
Hordaland	Årsnes-Varaldsøy	6	3	9
Hordaland	Jondal-Tørvikbygd	6	0	6
Hordaland	Fedje-Sævrøy	9	0	9
Hordaland	Hjellestad-Klokkarvik	8	0	8
Hordaland	Bjelkarøy-Hjellestad	3	0	3
Hordaland	Bjelkarøy-Klokkarvik	6	0	6
Hordaland	Bjelkarøy-Lerøy	4	0	4
Hordaland	Hjellestad-Lerøy	6	0	6
Hordaland	Klokkarvik-Lerøy	2	0	2
Hordaland	Hufthamar-Krokeide	14	9	23
Hordaland	Husavik-Sandvikvåg	7	9	16
Hordaland	Hatvik-Venjanaset	4	0	4
Hordaland	Halhjem-Våge	13	0	13
Hordaland	Masfjordnes-Duesund	1	0	1
Sogn og Fjordane	Krakhella - Rysjedalsvika	16	0	16
Sogn og Fjordane	Rutledal - Rysjedalsvika	7	0	7
Sogn og Fjordane	Rutledal - Krakhella	14	0	14
Sogn og Fjordane	Losna - Krakhella	6	0	6
Sogn og Fjordane	Rysjedalsvika - Losna	12	0	12
Sogn og Fjordane	Rutledal - Losna	9	0	9
Sogn og Fjordane	Isane - Stårheim	4	0	4
Sogn og Fjordane	Oldeide - Måløy	8	0	8
Sogn og Fjordane	Husevågøy - Måløy	5	0	5
Sogn og Fjordane	Oldeide - Husevågøy	5	0	5
Sogn og Fjordane	Askvoll - Gjervik	3	0	3
Sogn og Fjordane	Fure - Askvoll	6	0	6
Sogn og Fjordane	Fure - Gjervik	8	0	8
Sogn og Fjordane	Askvoll - Værlandet	20	0	20
Sogn og Fjordane	Fure - Værlandet	20	0	20
Sogn og Fjordane	Smørhamn - Kjelkenes	13	0	13
Sogn og Fjordane	Haldorsneset - Daløy	2	0	2
Sogn og Fjordane	Gjervik - Værlandet	21	0	21
Sogn og Fjordane	Mjånes - Hisarøy	1	0	1
Sogn og Fjordane	Barmen - Barmsund	2	0	2

2. Sjølv om det er mogleg å endra pris ved å plassera samband i ei anna sone enn det lengde på sambandet tilseier er ikkje det optimal for kundane. Med ulik sonestruktur vil ein få ulike prisar mellom riks- og fylkesvegferjesamband av same lengde. Dersom prisane på fylkesvegferjene er vesentleg høgare enn riksvegferjer med tilnærma lik avstand, vil dette kunna føra til negative reaksjonar frå kundar og andre interessentar. Ved å følgja Statens vegvesen sikrar ein ei meir føreseieleg billettering i høve riksvegferjesambanda og samband i andre fylke.
3. P.t. finst det ikkje løysing for å etablere eit månadleg passeringstak på enkeltvise fylkesvegferjestrekningar i Vestland. Statens vegvesen har ikkje til hensikt å utvikle ein slik funksjonalitet då Autopass for ferje er ei nasjonal løysing og ikkje tiltenkt lokale tilpassingar.
4. Det er så langt ikkje tatt høgde for ein prisnedgang i arbeidet med budsjettet for 2021. Ein prisauke er heller ikkje anbefalt då prisane for bil < 6 meter er allereie justerte opp som følgje av innføring av AutoPASS-regulativet i heile Vestland.

#### Vedtakskompetanse

Vedtakskompetanse ligg hos Fylkesutvalet, på bakgrunn av at saka er vurdert til å ikkje være av prinsipiell betydning, eller at avgjersmynda ligg til anna organ.

#### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Økonomiske verknader vert dekkja innanfor sektorens sitt budsjett..

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

#### Konklusjon

Med bakgrunn i ovannemnde ser ikkje fylkesrådmannen at det er grunn til å justere prisane ved å plassere samband i ei sone høgare eller lågare enn lengda på sambandet tilseier. Ferjepriser justerast som normalt og følger justeringar i AutoPASS-regulativet.